

Elin Jacobsen  
Solendvegen 231  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/10493 - 20/41843

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
03.07.2020

## Avvik i septiktank og førehandsvarsel om installering av minireinseanlegg - gbnr 447/7 Solend

**Tiltak:** Avvik septiktank/Installering minireinseanlegg  
**Byggjestad:** Gbnr: 447/7  
**Tiltakshavar:** Elin Jacobsen

Alver kommune har den 29.05.2020 motteke melding frå NORVA24 AS om at det ved tømning den 28.05.2020 vart registrert lågt nivå og lekkasje i septiktanken på eigedommen din, med adresse Solendvegen 231, 5936 Manger. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken og den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke. Same tilstanden har vore meldt inn frå Norva24 AS både ved tømning i 2016 og i 2018, sjå sak nr. 16/709 i tidlegare Radøy kommune.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensningslova § 7.

Bustaden din ligg i eit område der slamavskiljar ikkje lenger er godkjend som avløpsanlegg. Årsaka til det er at slamsavkiljar berre vil bli godkjend av kommunen der det er mogleg å føre leidningen ut i sjø. Sandfiltergrøft er heller ikkje lenger ein godkjend del av eit privat avløpssystem i Alver kommune.

Septiktanker er difor ikkje lenger godkjend som avløpsanlegg, og du vil få krav om at den må skiftast ut med eit godkjend minireinseanlegg.

Vi viser til lokal forskrift for mindre avløp frå tidlegare Radøy kommune, vedteken 30.09.2010, som fortsatt gjeld inntil ny blir vedteken i Alver kommunestyre. Forskrifta ligg vedlagt.

Med bakgrunn i ovannemnde får du eit førehandsvarsel om at det vil bli stilt krav om installering av minireinseanlegg knytt til eigedommen din på Solend. Grunneigaren skal ha eit

avløpssystem som er i tråd med føresegnene i denne forskrifta og avløpet skal vere godkjend av kommunen.

Installasjon av minireinseanlegg er eit søknadspliktig tiltak, jf. plan- og bygningslovar § 20-1, bokstav f.

**Frist for arbeidet vert sett til seks månader frå brevdato.**

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om at minireinseanlegget er installert innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje deg å installere minireinseanlegg og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova §§ 7 og 73.

**Dine rettår:**

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt, jf. pbl. § 32-2 1.ledd.

Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no).
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

**Aktuelt regelverk:**

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.
- Lokal forskrift for Radøy kommune, vedteken 30.09.2010.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal  
Avdelingsleiar

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Forskrift Radøy kommune utsleppsløyve

**Mottakarar:**

Elin Jacobsen

Solendvegen 231

5936

MANGER